

# BULDER

stedsutvikling og potensialundersøking i Vingsand, Osen.  
masteroppgåve   thov sanden



Hole med sjøutsikt i Håmannvika i Osen kommune.



**sjøen**



**holer**



**bulder**




Området rundt Vingsand har alt ein treng om ein likar å klatre, padle i kajakk eller utforske holer, og ligg berre to drøye timar i bil frå Trondheim. Likevel er det ikkje mange som tek turen hit. Kva skal til for at folk skal få vite om denne plassen, og skal få lyst til å reise hit? Kva må leggjast til rette for, og korleis kan dette sjå ut?

I Noreg finst det mange små stader med unik natur. Mange av desse stadene har stort potensial for å hevde seg som aktivitetsdestinasjon, men fråflytting gjer til at dette blir stadig vanskelegare. Eg vil sjå på kva arkitektur kan gjere for å bidra til økt aktivitet i eit slikt område.

Eg har valgt Vingsand og området rundt i Osen kommune, lengst nord på Fosen. Her finst Nord-Europas største grotte, buldrefelt som har vore i New York Times, og eit havkajakkområde som i stor grad er beskytta av skjær og øyar.


Oppgåva er delt inn i to hovuddelar. Første del er synleg med ein gong ein kjem inn i Vingsand. Eit hus der ein kan leie kajakk eller buldre/klatreutstyr, få seg ein matbit eller slappe av etter ei hard økt i fjellveggen - ein møteplass og eit utgangspunkt.

I området rundt ligg attraksjonane tett i form av holer, buldrefelt, fyrruinar, skipsvrak og strender. Til mange av desse er sjøvegen einaste veg. Rundt og i nærleiken av dei viktigaste er andre del av oppgåva. Bygg som forhold seg til landskapet rundt, og som kan legge til rette for aktivitet. Eg har sett nærare på eitt spesifikt område, nemleg Hallvika. Her finn ein eit buldrefelt og den største attraksjonen; Hallvikhola. Med denne delen av oppgåva ville eg finne ut korleis ein node som kan dekke grunnleggande behov og kopierast til andre stader kan sjå ut, ein basecamp med god kapasitet og av ein meir komfortabel karakter, og eg ville undersøkje hola, for å prøve å finne ut om det i det heile tatt er noko poeng i å bygge noko her.






-  BULDER
-  HOLER
-  INNGREP
-  EG ZOOMER INN

























































brukergrupper



Analyse av kva dei forskjellige brukargruppene er inter-  
essera i, for å finne ut kva som trengs i området.

programmering

	Sentrum utleie	Hopen	Hallvika	Dronninghula	Raudskjæra	Ramsøya	Håmannvika
Overnatting							
							
Overnatting							
Fasiliteter							
							
WC / BAD / SAUNA / UTEDO							
Lagring	(OG utleie)						
							
KLATRESKO / KAJAKK / BULDREMATTE							
Nærhet/viktighet							
							
HULE / BULDRING / KAI							
Komfort							
							
KLIMATISERT / UKLIMATISERT							
Base for andre aktiviteter							
							
FISKING / DYKKING							
Matfasiliteter							
							
Enkelt kjøkken / Kafe							
Tilgjengelighet							
							
Kajak / Bil							

Analyse av kva for funksjonar som kan passe på dei 7 forskjellige stadene eg har sett meg ut som dei viktigaste i området.




del 1

**eit naust**







situasjon



Naustet er synleg med ein gong du ankjem Vingsand. Det ligg innerst i vika og knyter saman dei to viktigaste transportårene; vegen og vatnet. Naustet er utgangspunkt for vidare utforsking. Det er her ein går for å få tips om dei beste buldrerutene, og for å leie ein kajakk.






Eit betonglandskap går i nivå frå der du ankjem med bil ned til der du legg ifrå med kajakk. Betongen formar to kjerner i bygget som held oppe heile konstruksjonen. Fasaden mot vegen har lite opningar og ligg 5cm over bakken for å skapa ein sjevande og understreke kontrasten mellom det lette treet og den tunge betongen. Frå vatnet er trefasaden heilt lukka, men under han ligg det to større slisser på sidene og ei opning i midten der høgden regulerast av tidevatnet.







plan



langsnitt



# langsnitt




1:50. Heile konstruksjonen i naustet heng ut frå kjernene. I tilfelle hardt ver, er ein hulprofilsbjelke lagt over dei tverrgåande takbjelkene og spent ned i bakken ved hjelp av vaier.

kortsnitt. 1:100. Ved flo vil vatnet gå over halvvegs inn i bygget, og skulpe over kanten opp mot loungen. Ved fjære vil ein måtte leggje til med kajakk litt utanfor bygget.

1:100. detalj 1:50







Sitteområda er delt opp i ulike nivå for å skape rom med forskjellige kvalitetar og gjere det handterleg både for mykje og lite publikum. Alle romma henvender seg mot trappa og vatnet, der folk kjem opp eller padlar ut med kajakk.




situasjon



situasjon Hallvika




**noden basecamp hola**






noden





Lett regn på ein buldretur til Ramsøya utanfor Vingsand har nok hatt mykje å seie for utforminga av noden. Både rommet og detaljen er svært interessant. Eit slikt rom og ein slik festemåte er også tilpasningsdyktig i andre topografiske forhold.



skisser

# plan


Noden er enkel og rimeleg å setje opp. Konstruksjonen består av 4"x4" søyler i tre i eit grid med senteravstand 0,5m. Søylenes kan setjast opp fritt i dette gridet så lenge det blir minimum to opplegg i fornuftig avstand til samme takbjelke. Utgåtte klatretau spennast opp mellom søylene, og greiner og småtrær i matter i fasaden. Desse vart uansett rydda vekk frå buldre plassar i nærleiken. Noden kan setjast opp fleire plassar i området og tilby bl a enkel overnatting.



1:100. høgvatn

snitt



Døme på node i Hallvika(ved høgvatn). Her med kajakktrapp i betong.  
Betongen brukar tilslag frå pukkverket to små fjordar bortafor.



1:100. høgvatn

## avfall som materiale

I Hallvika og utafor Dronninghola, eller Sundahallen som den heiter på Vingsandsk, bør det bli rydda kvist og småtrær. Det var ønska av både buldrepiioneer i Vingsand, Torstein Eide, og grunneigerane av området rundt Dronninghola. Noden tek i bruk dette overskotsmaterialet, og brukar det i matter som dekkjer fasaden. Denne kan rullast opp på fine dagar, eller om ein berre vil kjenne på havbrisen.




Utgått klatretau er farleg å klatre med, men tåler framleis hard bruk. Tauet kan brukast mellom søylene for å halde oppe bl a kajakkar, bagasje og hengande sitjeplassar. Tilgangen på dette er optimal i klatre- og buldremiljøet.






**med senga i sekken**



1:100. tom





1:50 bebodd



detaljmodellfoto. I noden heng du opp det du treng for bl a å slappe av, lage mat og lagre ting. Slik held ting seg tørt, og det er viktig når ein er på tur.

## hallvika basecamp



Buldresesongen er lang i eit mildt kystklima. Derfor har eg laga eit forslag til korleis ein meir komfortabel og varmare overnattingsplass kan utformast. Utgangspunktet er ein enkel avlang form som ligg litt ut frå bergveggen. Dette dannar ein leirplass med buldremoglegheiter. Forma er knekt opp mot bergveggen for å skape eit soverom som er avskjerma, men likevel i kontakt med omgivnadene. Forma er knekt motsatt veg mot kajakkbrygga for å invitere folk inn.




## hallvika basecamp




Bygget ligg midt i eit av buldrefelta i Hallvika. Uterommet dannast av bygningsvolumet og den massive fjellveggen.




plan





langsnitt



**snitt soverom**




1:50. Sengane er hengt opp i takbjelkane.



1:50. Soveavdelinga har grunnmur i betong, medan resten er bygd opp på stålpiiggar som trenger ned i grunnfjellet.



snitt stue og leirplass







Sengene i Hallvika heng i taket for å forstyrre minst mogleg utsikta mot den store endeveggen.




## modellbilder




## holeundersøkingar

Undersøkingar i form av skisser, collager og modell har gitt fleire forslag til korleis ein kan "møblere" hola. Respekt for hola si massive og mørke kvalitet har gitt eit lett og lyst uttrykk som kontrast. Eg meiner midlertidighet og/eller å legge frå seg eit lite fotavtrykk er viktig i naturen og i alle fall i ei slik setting.






# rammeslangen








1:200



## eit samandrag av idear




Hola er forma som eit naturleg amfi. Buldrerar har alltid med seg matter på tur. Desse kan brukast til ein komfortabel kino-opplveing på ein veldig spesiell plass.




I prosessen fann eg ut at eg lika og synast det var viktig at det som vart lagt til i hola ikkje prøvde å blende inn, men å vere noko heilt anna. Benken lyser og er sett saman av lette trerammer som kjennest varmare å sitte på enn fjell og stein.

Huska passer inn i konseptet mitt med aktivitet, og er ein uventa installasjon som gjer at ein opplever rommet på ein heilt anna måte.



Då eg jobba med hola prøvde eg å finne ut kva som ikkje finst i hola i dag, men som hadde vore fint eller bra. Å kome seg opp til taket og midt i rommet kunne ha vore ei spennande rom-oppleving. Ein hems i hola, med stige.



Ein slange av opplyste trerammer. Rammene dannar eit trangt rom i det enorme holerommet, og med meir eller mnindre visuell kontakt mellom dei to avhengig av synsvinkelen. Utkikkspunktet i enden av slangen gir ein tydeleg avslutning på ferden frå utgangspunktet i sentrum.

## vegen vidare

Eg hadde eit ønske om å jobbe med arkitektur opp mot aktivitet. I tillegg ville eg sjå om eg kunne ta tak i små-plass- og fråflyttingsproblematikk. Eg er veldig glad for at det blei Vingsand, det var ekstremt spennande å bli kjent med plassen. Eg håper arbeidet mitt kan gje idear til dei som kan ta dei vidare, både i Vingsand eller andre plassar. Arbeidet er meint å kunne lesast både som heilhet og som fragmentar.

Dei eg har vore i kontakt med, grunneigerar, turistansvarleg og buldretalsmann er alle entusiastiske for å få til ein leirplass for buldrerar i Vingsand. Kanskje kan noden vere eit utgangspunkt for dei, så dei faktisk har noko konkret å dele meiningar om. Om buldreturismeboomen kjem til Vingsand, er det forhåpentlegvis ikkje umogleg ein grun-neigar som kunne tenkje seg å satse på klimatisert overnatting midt i buldrefeltet. Ei slik satsing kunne betydd mykje for Vingsand. Eller kanskje nokon kunne tenkje seg å snekre ein benk i ei av holene.

Sjølv om fråflytting på plassar som Vingsand er vanskeleg å gjere noko med, har eg trua på at det finst ei råd, og at det kjem ein ny vår.

